

27.07.2012

Allsong med den nye Uskedalssongen

**Kom og ver med på Allsong i sjøkanten på
Systrene Nilsen i morgen, laurdag, kl. 15
Det vert urframføring av Song til Uskedalen
av Dag Hermansen.
Her finn du teksten og melodien The Skye
Boat Song høyrer du på den tilviste adressa nedanfor**

Allsong i sjøkanten samla mykje folk for nokre veker sidan.
Arrangøren vonar på minst like mange frammøtte i morgen.

Allsongen vert gjennomført i to økter.
I pausen vert høve til å kjøpa kaffi ogkake.
Reidar Mykelbust og Kristian Bringedal vil stå for musikken.

Alle tekstane er kopierte. Dersom du har songynskje, må du meld dette inn til
kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune
Det er fritt fram å prøva seg som forsongar.

Vel møtt til alle og ver med og syng:
Song til Uskedalen av Dag Hermansen

Her er teksten:

Snøkledde fjell kringom Nåso so rank

angen av morgen sval.

Skorpo gjev ly og Storsund ligg blank

speglar av Uskedal

Sumar og sol, bakkar med blom,

dalen er lik ein park,

bjeller og raut, elva si ljom

kling over frodig mark

Snøkledde osb.

Vertshus og pub, krambu og SPAR

undrast kva alt dei har,

idrott og lag, tilbod til kvar

kvinnfolk og born og kar

Snøkledde osb.

Rabbar og li, hytter og sel,

hugen til fjell å sjå,

viker og sund, heile for sjel.

trua på fisk å få

snøkledde osb.

Og her er link til melodien:

<http://www.youtube.com/watch?v=86egt8PDmos>